

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 16.08.2022
Sakhandsamar: **Arve Varden og Øystein Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juli 2022**

Arkivsak

2022/89

Styresak 047/2022

Styremøte 07.09.2022

Framlegg til vedtak

Styret viser til rapporten frå verksemda per juli 2022 og sjølve presentasjonen i styremøtet.

Styret vurderer situasjonen som alvorleg og vil ha løpande orientering om utviklinga, inkludert konsekvensane av tiltak som har, og vil bli, sette i verk. Dette gjeld både i forhold til økonomi og kvalitet. Det er svært viktig at føretaket har ein styringsfart som er i samsvar med dei økonomiske rammevilkåra for å sikre utvikling og framtidige investeringar.

Administrerende direktør si vurdering

Den økonomiske utviklinga og tal fristbrot er alvorleg. Administrerende direktør varsla dette tidlegare. Dei to siste månadene har forsterka biletet. Ferieavviklinga skjer hovudsakleg i juni og juli, men også delar av mai og august er påverka. Aktiviteten har ikkje vore på ønska nivå, og dette har medført stor auke i ventetider og fristbrot. Resultatet til no i år er 35 millionar bak budsjett. Styringsfarten er for høg, og administrerende direktør forventar no ikkje lenger at vi vil klare å redusere avviket. Det betyr at Helse Førde ikkje vil nå budsjettkravet for 2022. Biletet er det same i dei andre føretaka i Helse Vest, og det er p.t. ikkje noko signal om ekstra midlar.

Arbeidet med å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammevilkåra er svært viktig for å sikre handlingsrom til å utvikle drifta og gjennomføre nødvendige investeringar.

Resultat for juli månad er negativt med 18,8 millionar kroner, eit avvik på 21,3 millionar i høve budsjett. Til no i år er resultatet per juli månad -17,8 millionar kroner. Samla ligg vi 35,3 millionar kroner bak budsjett hittil i år. Hovudårsaka til avviket er vesentleg høgare løn- og personalkostnader enn budsjettert, samt mindre aktivitet. Dette kjem som følgje av høgt fråvær, utfordringar med å omstille drifta tilbake til nivået før pandemien og innføring av store ressurskrevjande prosjekt.

Resultatet førre månad, juni, var positivt med 18,8 millionar kroner. Dette kom som følgje av ekstra løyvingar knytt til covid-19-pandemien som vart bokført i juni. Helse Førde fekk gjennom revidert nasjonalbudsjett tildelt 13,9 millionar kroner i kompensasjon for tapte ISF-inntekter, samt ei ekstra løyving på 4,5 millionar kroner i beredskapsmidlar for covid-19. I samla sum har Helse Førde, inkludert nemnde midlar, bokført 40,2 millionar kroner i ekstraløyvingar knytt til pandemien hittil i år.

Kompensasjon for tapte inntekter dekkjer avviket på pasientrelaterte inntekter til og med mai månad i år. Avvik utover dette påverkar resultatet til Helse Førde direkte. Estimerte ekstrakostnader knytt til covid-19 er dekkja av tildelte beredskapsmidlar til og med juli. Vidare ekstrakostnader relatert til covid-19 vil påverke resultatet negativt.

Det er i juli gjort avsetting for lønsoppgjeret basert på tilgjengeleg informasjon på noverande tidspunkt. Lønsoppgjeret vil medføre høgare lønskostnad for 2022 enn budsjettert, og vi ser effekten av dette alt i juli. Utover dette ser vi at ferieavviklinga i klinikkane vil verte vesentleg dyrare enn budsjettert, og samla avvik på løn- og personalkostnader er svært høgt i juli. Det vil vere nødvendig å sjå desse tala i samanheng med tala for august for å få eit samla bilete av korleis sommaren har vore.


Den økonomiske utviklinga er som nemnt innleiingsvis alvorleg. Administrerende direktør har difor bedt klinikkane arbeide med å identifisere nye moglege tiltak som vil kunne ha effekt allereie i 2022. Målet er at eventuelle nye tiltak ikkje skal gå ut over kjerneoppgåvene våre.

Vi vurderer også å setje nye prosjekt på vent. Vidare har administrerende direktør gitt signal om at vi skal stramme inn på tilsettingar, innkjøp, vedlikehald bygningar med meir.

Administrerende direktør vil trass i kort tid fram til styremøtet frå stenginga av rekneskapskapen for august, prøve å gje styret så oppdatert informasjon som råd om rekneskapsstatus også per august. Denne informasjonen vil vere viktig med tanke på vegen vidare, og vil bli gitt i styremøte.

Aktiviteten for juni og juli månad er lågare enn budsjettert. Målt i DRG-poeng, utan H-resept, er aktiviteten høvesvis 7,4 prosent og 9,9 prosent under budsjett. Aktiviteten hittil i år per juli er 95,4 prosent målt mot budsjett, samla 728 DRG-poeng. Aktiviteten i psykisk helsevern har vore som planlagt, med mindre variasjonar. Aktiviteten til no i år er god i høve i fjor, men litt lågare enn planlagt. Dette skuldast m.a. at ein ikkje har kome i gong med FACT-team som planlagt. Det er høvesvis lågt belegg i juli, men dette er venta i samband med ferieavvikling.

Oversikt over pasientflyten i Helse Førde syner same utvikling som i mai; at tal avslutta forløp er færre enn tal nyttilviste. Tal pasientar som ventar på å starte behandling har gått opp, og er no 14 prosent høgare enn same periode i fjor. Dette gjev naturleg nok negative utslag med omsyn til ventetider.



Ventetida innan somatikk for pasientar som har starta behandling er fortsatt høg med 67 dagar. Dette er ein nedgang, men ikkje like mykje som normalt i samband med ferieavviklinga. Ventetid for ventande har auka og er no på 76 dagar. Dette er normalt i denne perioden, men administrerande direktør er ikkje fornøgd med at nivået er så høgt og at tal pasientar er det høgaste målt dei tolv siste månadene. I tillegg er det registrert 481 nye fristbrot. Som tidligare rapportert er det utfordrande å halde fristbrota nede, spesielt i samband med ferieavvikling. Dette gjer det nødvendig at vi framleis har fokus på å prioritere kven som får tilbod om helsehjelp, slik at pasientar med alvorlege og funksjonshemmande tilstandar kjem til raskt.

Innan psykisk helsevern går ventetida ned for pasientar som har starta behandling, men vi har framleis for høge ventetider i psykisk helsevern for born og unge. Det er meldt fem fristbrot i psykisk helsevern for born og unge. Tilbakemelding til administrerande direktør syner at alle har fått tilbod om å starte behandling tidleg i august. Fristbrota skuldast manglande kapasitet. Ventetida for ventande pasientar har auka innanfor psykisk helsevern både for vaksne, rus og barn. Dette er, som for somatikken, forventa i samband med ferieavvikling og på nivå med i fjor.

Helse Førde hadde i juni eit sjukefråvær på 6,9 prosent. Det er 0,6 prosentpoeng høgare enn tilsvarande måned i fjor, men nedgang samanlikna med førre måned og tidlegare i år. Det er framleis eit høgt korttidssjukefråvær og det er variasjoner mellom dei ulike einingane. Dette er ei utfordring for drifta og medfører høgare personalkostnader. At fråværet no er kome under 7 prosent, er administrerande direktør nøgd med.


Så alvorleg som situasjonen er, fann administrerande direktør det nødvendig å informere organisasjonen om utviklinga. Av den grunn vart det fredag 19. august halde møte med leiarane på nivå to og tre, samt tillitsvalde og vernetenesta. I etterkant av desse møta vart det også lagt ut informasjon på intranett.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 76 dagar ved utgangen av juli (61 i juni). 68 i juli i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- PHV: 34 dagar ved utgangen av juli (24 i juni). 33 i juli i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- PBU: 44 dagar ved utgangen av juli (29 i juni). 35 i juli i fjor. Altså +9 frå i fjor.
- TSB (rus): 18 dagar ved utgangen av juli (11 i juni). 20 i juli i fjor. Altså -2 frå i fjor.




Merk: Sidan ventedagar for rus har hoppa kraftig opp i forhold til tidlegare rapportar for månadene februar til mai, så må dette skuldast ein «teknikalitet».

Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i juli var:

- Somatikk: 73 hittil i år (67 dagar i juli) – måltal er 50. 65 i same periode i fjor. Altså +2 frå i fjor.
- PHV: 35 hittil i år (27 dagar i juli) – måltal er 40. 30 i same periode i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- PBU: 50 hittil i år (46 dagar i juli) – måltal er 35. 46 i same periode i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- TSB (rus): 31 hittil i år (22 dagar i juli) – måltal er 30. 28 i same periode i fjor. Altså +3 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 120 fristbrot på behandla pasientar i juli svarande til 11,1 prosent av behandla i juli (11,3 prosent i juni). Gjennomsnitt for Helse Vest er 10,1 prosent.
- Førebels registrert 481 nye fristbot i juli, svarande til 18,4 prosent av alle med frist i juli (13,2 prosent i juni).



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 334	1 509	-175	1 469	-135	11 571	12 306	-735	11 782	-211
DRG-poeng poliklinikk, A	248	279	-31	330	-83	2 919	3 050	-130	3 040	-121
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	90	114	-24	68	23	1 427	1 407	20	1 265	162
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	115	95	20	84	31	526	389	137	421	106
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	1 787	1 997	-210	1 950	-163	16 444	17 152	-708	16 507	-63
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	97	108	-11	137	-40	840	1 042	-202	823	17
Sum DRG-poeng egne pasientar (A+C)	1 769	2 011	-241	2 004	-234	16 757	17 805	-1 048	16 910	-153
Tal dagkirurgi/dagbehandling	865	819	46	992	-127	8 446	8 981	-535	8 808	-362
Tal sjukehusopphald	1 388	1 445	-57	1 506	-118	10 021	10 770	-749	10 576	-555
Tal polikliniske konsultasjonar	6 181	6 810	-629	6 928	-747	68 210	69 852	-1 642	70 865	-2 655


Perioden

Aktiviteten i perioden er 7,0 prosent lågare enn budsjett målt i totale tal behandlingar, og dette er 10,5 prosent lågare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor. Samla DRG-produksjon i somatikken var 10,5 prosent lågare enn budsjett (-210 poeng) i perioden, noko som er 8,4 prosent lågare enn i tilsvarende periode i fjor (-163 poeng).

Til no i år

Samla er aktiviteten 3,3 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 4,0 prosent under fjoråret. DRG-produksjonen hittil i år er 4,1 prosent under budsjett (-708 poeng), noko som er 0,4 prosent lågare enn akkumulerte tal per juli måned i fjor (-63 poeng). Det er registrert kodeforbetring med 59 poeng i perioden, noko som gjev effekt for tala hittil i år. I juni måned var det registrert kodeforbetring på 51 poeng. Det er forventa at ein ville finne ein del poeng i samband med gjennomgang av kodinga i sommar.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 324	1 500	-176	1 403	-79	10 356	11 152	-796	10 264	92
Tal utskrivne pasientar	63	78	-15	72	-9	561	604	-43	538	23
Polikliniske kons. m/refusjon	1 180	1 203	-23	1 101	79	13 807	16 074	-2 267	12 950	857
Rus										
Tal heildøgnsopphald	491	587	-96	435	56	3 574	4 238	-664	3 602	-28
Tal utskrivne pasientar	39	17	22	10	29	131	140	-9	106	25
Polikliniske kons. m/refusjon	109	120	-11	136	-27	1 445	1 816	-371	1 518	-73
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	99	27	72	104	-5	829	739	90	662	167
Tal utskrivne pasientar UPH	5	3	2	5	0	67	49	18	48	19
Polikliniske kons. m/refusjon	442	482	-40	579	-137	10 392	10 878	-486	10 476	-84

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i perioden med aktivitet på plan innan poliklinikk og litt lågare enn venta for døgnopphald.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ser vi det same biletet, der døgnopphald er lågare enn venta.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har totalt sett vore god både for poliklinikkar og ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH), men vi har vanskar med å oppnå planlagt aktivitet ved ein av poliklinikkane. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Juni			Juli			Til no i år		
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☒ Pasientrelatert inntekt	76 533	81 190	-4 657	58 867	63 421	-4 554	523 747	549 752	-26 005
☒ Basistilskudd	182 505	168 251	14 254	158 859	158 080	779	1 298 477	1 281 317	17 161
☒ Andre inntekter	4 761	5 528	-767	4 323	5 528	-1 205	36 705	38 877	-2 172
☒ Sum Driftsinntekter	263 799	254 969	8 830	222 049	227 029	-4 980	1 858 930	1 869 946	-11 016
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-36 373	-38 179	1 806	-32 014	-31 963	-51	-262 545	-274 407	11 861
☒ Lønn- og personalkostnader	-161 856	-168 156	6 300	-163 754	-149 080	-14 674	-1 282 644	-1 251 939	-30 705
☒ Øvrige kostnader	-38 462	-37 934	-528	-36 807	-35 132	-1 675	-273 386	-268 411	-4 975
☒ Av- og Nedskrivning	-7 989	-7 914	-76	-7 982	-7 914	-68	-55 977	-55 395	-582
☒ Sum Driftskostnad	-244 680	-252 183	7 503	-240 555	-224 088	-16 467	-1 874 552	-1 850 151	-24 401
☒ Driftsresultat	19 118	2 786	16 332	-18 506	2 941	-21 447	-15 623	19 794	-35 417
☒ Sum Finans	-292	-286	-6	-314	-441	127	-2 144	-2 294	150
☒ Totalresultat	18 826	2 500	16 326	-18 820	2 500	-21 320	-17 767	17 500	-35 267

Perioden

Resultatet i juli måned er negativt med 18,8 millionar kroner, noko som er 21,3 millionar kroner svakare enn budsjett. Aktiviteten er lågare enn budsjettet, og bidreg til eit samla avvik på inntekter på 5,0 millionar kroner.

Varekostnader samla er om lag som budsjettet i månaden. Det er overforbruk på H-resept, medisinsk heimebehandling og medikamentkostnader, medan det er eit mindreforbruk på andre varekostnader og gjestepasientar. Negativt avvik på øvrige kostnader er knytt til kjøp av utstyr/forbruksmateriell. Pasienttransport har eit mindreforbruk i perioden.

Løn- og personalkostnader er i perioden 14,7 millionar høgare enn budsjett. Delar av dette knyter seg til avsetting for årets lønnsoppgjer som vil gje høgare kostnader enn budsjettet. Vidare er det overforbruk på innleige, overtid og variable tillegg. Estimerte kostnader til pandemien er 0,9 millionar kroner i perioden, hovudsakleg knytt til løn.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er 17,8 millionar kroner, som er 35,3 millionar bak budsjett. Driftsinntektene er akkumulert 11,0 millionar kroner bak budsjett. Dette er etter inntektsføring av kompensasjon for tapte ISF-inntekter på 13,9 millionar kroner, bokført i juni måned.

Hittil i år er det eit meirforbruk på H-resept, men mindreforbruk på medikamentkostnader elles. Det er også eit mindreforbruk knytt til gjestepasientar som gjer at samla varekostnader hittil i år er 11,9 millionar kroner lågare enn budsjettet. Pasienttransport har også eit mindreforbruk, men kostnader knytt kjøp av utstyr/forbruksmateriell gjer at øvrige kostnader hittil i år samla er 5,0 millionar kroner høgare enn budsjettet.


Det er eit samla meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader på 30,7 millionar kroner så langt i år.

Likviditet

Per utgangen av juli 2022 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 71 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 448,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i juni var 6,9 prosent. Det er 0,6 prosentpoeng høgare enn tilsvarande månad i fjor, men det er ein positiv utvikling i høve førre månad og tidlegare i år. Det er framleis eit høgt korttidssjukefråvær samanlikna med åra før pandemien, og det er variasjoner mellom dei ulike einingane.